

# SØRLANDSBANEN (EGERSUND) – STAVANGER, DOBBELTSPOR SANDNES – NÆRBØ

## Kommunedelplan med konsekvensutgreiing

### Planbestemmelser Klepp kommune

01A	Høringsutgave	30.06.23	NFH	Lars R	Erik P. J		
Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Utarb. av	Kontr. av	Godkj. av		
Sørlandsbanen (Egersund) – Stavanger, Sandnes - Nærbø Kommunedelplan med konsekvensutgreiing <b>Planbestemmelser Klepp kommune</b>		Ant. sider	Fritekst 1d				
		4	Fritekst 2d				
			Fritekst 3d				
			Produsent	Bane NOR			
		Prod. dok. nr.					
		Erstatning for					
		Erstattet av					
Prosjektnr: 965017		Dokument nr.			Rev.		
		<b>USN-00-A-00155</b>		<b>01A</b>			
<b>BANE NOR</b>		Dokument nr.			Rev.		

# Planbestemmelser og retningslinjer

## Klepp Kommune

### 1. Planens hensikt

Kommunedelplanens formål er å fastsetja trasé for dobbeltspor for jernbanen mellom Nærø og Sandnes, som grunnlag for regulering i neste planfase.

Endeleg detaljert trasé, inklusive kompensasjon for tap av areala, detaljer, utforming, høgder på bane og nødvendige omlegging av ramma infrastruktur, blir fastlagt gjennom reguleringsplan.

### 2. Planbestemmelser for hele planområdet

#### Plankrav

Kommunedelplanen skal følgjast opp med reguleringsplan, jamfør. pbl § 11-9 og § 12-1.

### 3. Bestemmelser til omsynssonar

Arealformåla og omsynssona innanfor planområdet for dobbeltsporet mellom Nærø og Sandnes vises i kommuneplanens arealdel for Time, Hå, Klepp og Sandnes kommune. Bestemmelser til disse arealformåla og omsynssona følger av de respektive planane.

#### 3.1. Sikringssone – H190\_1 (pbl § 11-8, bok a)

- 3.1.1. Innanfor omsynssona gjeld dei høgderestriksjonar som er gitt med koter på restriksjonsplan for Stavanger lufthamn Sola. For område som ligg mellom dei viste koter, skal høgderestriksjonen bereknast gjennom interpolasjon.
- 3.1.2. Innanfor restriksjonsområdet kan det ikkje etablerast hinder (bygg, vegetasjon, anlegg eller andre innretningar) som overstig høgderestriksjonane gitt på plankart.
- 3.1.3. Alle nye reguleringsplanar innanfor H190\_1 skal innarbeida høgderestriksjonane i form av eigen omsynssone på reguleringsplanane, jf. pbl §§ 12-6 og 12-7. Alternativt må det i nye reguleringsplanar bli gitt bestemmelser med maksimal tillaten mønehøgd som ikkje overstig høgderestriksjonane i restriksjonsplanen ENZ-P-08 for lufthamna.
- 3.1.4. Alle søknader om etablering av nye bygg og anlegg innanfor omsynssone H190\_2 dvs. område med bygrestriksjonar rundt navigasjonsanlegg ved Stavanger lufthamn Sola vist med koter på Avinor sin teikning ENZV-P-09 datert 12.03.2010, skal handterast etter eigne sakshandsamingsrutinar. For område som ligg mellom dei viste koter, skal byggerestriksjonen bereknast gjennom interpolasjon.

## **4. Faresoner**

### **4.1. Flaumfare H320 (pbl § 11-8 a)**

Før godkjenning av nye tiltak innanfor sonen krevjast sakkyndig utredning av fare for flaum (flausone-kartlegging), utredning av eventuelle avbøtande tiltak og utredning av nedstrøms konsekvensar.

Utredning skal gjærast ved regulering, eventuelt senast ved byggesøknad dersom tiltaket ikkje utløyser krav om reguleringsplan eller det allereie er godkjent reguleringsplan utan slik utredning.

Utredning av fare for flaum skal følge NVE sin rettleiar: Sikkerheit mot flaum (2022 eller seinare oppdateringar). For allereie utførte utretningar må det vurderast om disse gir tilfredsstillande sikkerheit mot flaum, jamfør rettleiaren og TEK17.

Det skal søkjast om nødvendige sikringstiltak før eller som en del av byggesaka for tiltaket, og sikringstiltaka skal være utført senast samtidig som utbygging finner sted.

For vassdrag i Klepp gjelder følgande sikkerheitsmarginar for flauvasstand i tillegg til omsynsona vist på kart: + 30 cm.

### **4.2. Høgspenningsanlegg H740 (pbl § 11-8 a)**

Alle tiltak i terrenget og anleggsarbeid innanfor omsynssona skal på forhånd avklarast med ledningseigar.

## **5. Omsynssonar med retningslinjer**

### **5.1. Omsynssone friluftsliv H540\_5 (pbl § 11-8, bok c)**

Område skal bevarast som park- og naturområde med høg kvalitet.

### **5.2. Omsynssone naturmiljø, vassdrag H560\_1 og H560\_2 (ved Ormen Lange) (pbl §11-8, bok c)**

Områda H560\_1 viser prioriterte arealar som er særskilt viktig for det biologiske mangfaldet. All forvaltning og verksemd, både etter plan- og bygningsloven og særlover, skal utøvast med omsyn til å bevare livsmiljøet og artsmangfaldet i områda.

Område langs vassdrag (H560-2) For verna vassdrag (Figgjo og Orre) skal dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag leggast til grunn for ei differensiert forvaltning av vassdragsbeltet, jf. retningslinjer.

## **9. Retningslinjer for reguleringsplan**

- a. *Byggegrenser langs jernbaneanlegget og offentlege veger fastsettast i reguleringsplan. Ved utvikling av kommunesenter, lokalsentre og nærsentre kan det være aktuelt å fastsette byggegrense tettare på jernbane enn generelle krav.*
- b. *Tiltaket skal optimaliserast ved regulering. Optimaliseringa skal blant annet utarbeide gode tilkomst funksjonar ved stasjonane, sikre tilstrekkelege handtering av vann, redusere støyulempe og redusere arealbeslag.*
- c. *Det skal utarbeidast en massehandteringsplan som omfattar volumberekingar, transport, mellomlagring og deponiområde. Deponiområdar skal greiast ut og fastsettast i reguleringsplan.*
- d. *Det skal utførast detaljert kartlegging av grunnforhold, nedbør og grunnvatn. 200 års flaumnivå tillagt ein tryggingsmargin på 0,5 m skal leggjast til grunn ved dimensjonering av konstruksjonar, bygg og anlegg. Det skal etablerast anlegg for oppsamling, reinsing og bortleiing av overvatn frå konstruksjonar og jernbaneanlegg. Reguleringsplanane skal identifisera og sikra areal for overvasshandtering. Konstruksjonar og anlegg skal formast ut slik at naturlege flaumvegar blir bevarte og tilstrekkeleg tryggleik mot flaumskadar blir oppnådd. Det skal gjerast greie for korleis handteringa av overvatn og flaumvegar er løyste. Ved regulering og seinast ved søknad om tiltak skal det utførast risiko- og sårbarhets-analyse som dokumenterer at avrenninga og avrenningsfarten ikkje aukar som følgje av tiltaket*
- e. *Utforming av stasjonar, tekniske bygg, kulvertar, bruer, sykkel- og fotgjengarsamband, og dessutan tilknyting til eksisterande gang- og sykkelvegnett skal ved vidare detaljutforming tilpassast nærliggjande bygde og naturlege omgivnader. Omsynet til mjuke trafikantar i anleggsfase og ferdig tiltak skal sikrast.*
- f. *Støy langs jernbanetiltaket skal greiast ut i reguleringsplanfasen. T-1442 retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, eller nyare retningslinjer, blir lagde til grunn.*
- g. *Det skal utarbeidast en miljøoppfølgingsplan for anleggsfasen i samsvar med tiltakshavars retningslinjer for slik plan. Miljøtiltak skal setjast i verk og følges opp i samsvar med den til kvar tid oppdaterte miljøoppfølgingsplanen.*
- h. *Det skal utarbeidast en matjordplan for bruk av omdisponert dyrka areal. Planen skal avklare korleis matjord skal varetakast og lagrast, og korleis areala skal setjast i stand.*
- i. *Sideareal til jernbaneanlegget skal opparbeidast med god terrengrilpassing og med vekt på overordna vegetasjonsetablering av stadeigne arter som kan reetablerast og forsterke gjennomgåande grøntdrag og viktige randsoner.*
- j. *Kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane for kulturminna skal søkjast minimert i reguleringsplanarbeidet.*
- k. *Ved videre planlegging skal det strevast etter å forme tiltaket for å minimere sårbarheit overfor klimarelaterte hendingar.*